

Lokal skulebibliotekplan ved Hjelteryggen skole 2023-24

Kvar skule bør utarbeide ein lokal skulebibliotekplan, basert på den kommunale skulebibliotekstandarden. Slik sikrar ein at intensjonen med skulebiblioteket blir ein del av den pedagogiske verksemda på skulen.

Kort presentasjon av skulen

Hjelteryggen skole er ein skule med 177 elever. Ane Dale Erikstad og Ingrid Hamre er tilsett som skolebibliotekarar, med 3,5 timer til saman i veka. Vi har ein ca. bokbase på ca 6000 bøker. Årleg budsjett til innkjøp er 15 000 kr. Biblioteket er ubemanna, men ope til bruk for klassar heile dagen. Biblioteket er bemanna ein skuletime i veka.

Visjon

Målet med skulebiblioteket er at det skal vere tilgjengeleg for alle på skulen, slik at alle skal kunne bruke det. Vi har eit stort ynskje om å skape leselyst og leseglede, og dermed forsøker vi å gjere biblioteket innbydande og ein kjekk stad.

Skulebiblioteket som pedagogisk ressurs

Samarbeid: skolebibliotekarar informerer på fellesid, der ein presenterer bøker og viser bibliofil-systemet for lærarane. Dei svarer på spørsmål til lærare ved behov, og legg til rette for samarbeid med klasser etter behov. Det er ein felles leselystaksjon/leseprosjekt for heile skulen kvart halvår.

Utviklingsarbeid på skulen: bibliotek blir sett opp som tema i utviklingstid eit par gonger i halvåret. Der tek ein opp leseaksjon, oppdaterer om bibliofil-system, legg fram utarbeida pedagogiske ressursar frå kommunen, viser biblioteksstandarden og presenterer bøker.

Alle klasser har ein time sett på bibliotek i veka. Bibliotekar modellerer korleis ein bibliotek-time kan vere for lærarar.

Elevmedverknad

- Elevambassadørar
 - o 2-3 stykk
 - o fire periodar i løpet av eit skuleår, på ca. 2 månadar
 - o Levere inn bøker og rydde dei på plass, generelt overblikk og passe på at utstillingar ser greie ut. Dei er der eit friminutt i veka. Vi gir eventuelt nye oppgåver undervegs.



o Søkeprosess: mellomtrinnet får informasjon om søking, og dei som ynskjer kan sende søknad til biblioteket

- Innspel frå elevråd

Biblioteket set pris på ynskjer frå elevane, og elevrådet er ein stad ein kan ta opp slikt.

Lesefremjande arbeid

Skulebiblioteket er ein viktig arena for å fremje leselyst. Det skal vere tilgjengeleg for elevane, og innehalde bøker som kan passe for alle. 1-2 gangar i året har skulen lesekampanje eller lesekonkurransar, som set ekstra fokus på lesing i skulekvardagen.

Skulen bruker den kommunale leseplanen, der biblioteket har ein sjølvskriven plass. Klassane har høgtlesing i spisetime. Fadderklassene planlegg eigne lesestunder, der fadder les for fadderbarn. Det kjem også forfattarbesøk knytt til den kulturelle skulesekken fleire gonger i året.